



Telenor Norge AS  
Postboks 800  
1331 FORNEBU

Referanser:  
Dykkar: KNAV-Telesentral  
Vår: 18/1032 - 18/14504

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.05.2018

## Mellombels dispensasjon og løyve til flytting av Telesentral - gbnr 188/668 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 200/18

**Tiltakshavar:** Telenor Eiendom Holding AS  
**Ansvarleg søkjar:** Telenor Norge AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av nytt telekommunikasjonsanlegg; mast på 30 meters høgd samt kiosk/utstysbygg med eit bruksareal (BRA) opplyst til å vere om lag 32 m<sup>2</sup>. I samband med søknad er det og søkt om planering av eit areal på om lag 320 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid i samband med oppføring av mast og kiosk samt planeringsarbeid. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om mellombels dispensasjon frå gjeldande områdeplan for Knarvik sentrum.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.03.18 og supplert 25.04.18.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 11.04.18. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 25.04.18. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdeplan for Knarvik sentrum/planid.: 1263-201002 offentleg – privat tenesteyting område O\_BOP3.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet offentleg og privat tenesteyting. Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:



## Søknad om dispensasjon fra gjeldende områdeplan for «offentlig tjenesteyting» for etablering av nytt telekommunikasjonsanlegg på Knarvik.

Viser til referat fra forhåndskonferanse –gbnr 188 /668 Gjervik ytre av 28.4.17.

Det søkes med dette om midlertidig dispensasjon for å sette ny mast på 30 meters høyde og en ubemannet utstyrshytte på 32 m<sup>2</sup> på eiendom tilhørende Knarvik Industri og Miljø AS. Situasjonsplan for plassering kan ses på vedlegg D. Skjema for Naboerklæring sendes til eiendom 188/703 da det er under ½ mastehøyde til nabogrense som er 9 meter unna. Lindås kommune eier veg stubb som er nærmeste nabo til tiltaket, naboerklæring til kommunen som skal behandle dispensasjon anses som unødvendig i denne sammenheng og er derfor utelatt.

### Begrunnelse for å søke dispensasjon er:

Telenors Telesentral på Knarvik må fjernes for å gi plass til nytt Helsehus som skal startes bygget i 2018 og være ferdig bygget og innflyttingsklart i 2020.

[http://www.regionnordhordland.no/helsehus\\_352352\\_nn.html](http://www.regionnordhordland.no/helsehus_352352_nn.html)



Helsehusomtå: Kvassnesvegen 11, gnr. 188, bnr. 323 og 398.

Telenors Telesentral på Knarvik kan ikke fjernes uten at det etableres et nytt punkt for telekommunikasjon. Det er denne sentralen som styrer all teleteknisk infrastruktur i området for Telenor og fjernes denne så vil området miste både fiber og mobildekning. Tiltaket tilsidesetter ikke helt formålet i plan da dette også kan ses på som off. tjenesteyting i og med at tiltaket har en samfunnsnyttig funksjon som å gi område telekommunikasjon som både fiber og mobildekning. Vi imøteser at kommunen innvilger Telenor midlertidig dispensasjon for å bygge opp nytt telekommunikasjonsanlegg fordi fordelene ved innvilgelse av dispensasjon er større enn ulempe.

## Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012.

Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

## Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknad til varsla tiltak

## Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 18.10.17.

På situasjonsplanen er minsteavstand frå kiosk til nabogrense vist til å vere 3,5 meter.

På situasjonsplanen er minsteavstand frå mast til nabogrense gbnr. 188/116 vist til å vere 5,5 meter.

Det er og søkt om planering av eit areal på om lag 320 m<sup>2</sup> ferdig planert areal vil flukte med dagens asfalterte falte på gbnr 188/668 på om lag kote 32 moh.

Tiltaka er plassert i samsvar med regulert byggegrense langs veg.

## Vatn og avløp (VA)

Det skal ikkje installerast vatn i tiltaket.

## Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4 i samsvar med områdeplanen.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av kiosk og mast samt areal som planerast og sikringsgjerde.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **Avfallsplan**

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **VURDERING**

Det er samstundes med søknad om etablering av ny telesentral søkt om sprengning og planering av eit areal på gbnr. 188/668 på om lag 320 m<sup>2</sup>. Det er i dialog med søker opplyst at arealet skal asfalterast og inngå i dagens drift av KIM AS. Tiltaket medfører ikkje endra bruk av området og kjem inn under unntaket frå krav om detaljregulering gjeve i § 2.1.1 punkt nr. 3.

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Kommunen kan gje mellombels dispensasjon i tidsbestemt eller på ubestemt tid jf. pbl. § 19-3. Ved utløp av dispensasjonsstida eller ved pålegg, må søker utan utgift for kommunen fjerne eller endre det utførte tiltaket eller opphøre mellombels tillete bruk.

Tiltaket er eit ledd i samband med etablering av nytt helsehus for region Nordhordland. Dagens telesentral er ført opp på tomta der det nye helsehuset skal etablerast, og må flyttast før bygging av nytt helsehus kan ta til.

Den omsøkt telesentralen er ei erstatning for dagens telesentral som styrer teleteknisk infrastruktur i området for Telenor og er naudsynt for fiber- og mobildekning i området. Som søkjar nemnder så fyller telesentralen ei viktig og samfunnsnytting funksjon.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på ansvarleg søkjar si vurdering av samfunnsnytta telesentralen har. Vidare er det lagt vekt på at dispensasjonen er mellombels og at tiltaket kan krevjast fjerna ved realisering av O\_BOP3, tiltaket er soleis ikkje vurdert å vere til hinder for realisering av områdeplanen.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje mellombels dispensasjon frå arealføremålet for områdeplan Knarvik sentrum for mellombels etablering av ny telesentral på eigedom gbnr.188/668 som erstatning for dagens telesentral som ligg på eigedom gbnr. 188/323.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Kommunen har vurdert søknaden om fråvik frå tekniske krav sett i byggtknisk forskrift TEK og legg ansvarleg søkjar si vurdering til grunn. Kommunen finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt.

#### **Plassering**

Tiltaka vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre avtale mellom plassering av tiltaka på eigedom gbnr. 188/668, avtala er signert 29.06.17.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn. Oppdatert gjennomføringsplan og erklæring om ansvar frå utførande for utearealer, landskapsutforming og grunnarbeider skal ligge føre før arbeid kan ta til.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 19-3 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå områdeplan Knarvik sentrum for etablering av ny telesentral på eigedom gbnr. 188/668 som erstatning for dagens telesentral på eigedom gbnr. 188/323.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av kiosk og mast for telesentral på eigedom gbnr. 188/668, samt løyve til planering av eit areal på om lag 320 m<sup>2</sup>. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 18.10.17, supplert med tverrprofiler og grave- og sprengningsplan datert 20.04.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Seinest 30 dagar før gamal mast vert fjerna skal arbeidet innrapporterast til statens kartverk jf. forskrift om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder § 4 (1).
3. Seinast 30 dagar før ny mast vert ført opp skal arbeidet innrapporterast til statens kartverk jf. forskrift om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder § 4 (1).

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1032**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Telenor Eiendom Holding AS	Postboks 800	1331	FORNEBU
Telenor Eiendom Holding AS	Postboks 800	1331	FORNEBU
Telenor Norge AS	Postboks 800	1331	FORNEBU

**Mottakarar:**

Telenor Norge AS	Postboks 800	1331	FORNEBU
------------------	--------------	------	---------